

Songkoret Albatross

Dato: 28.02.2018
Vår ref.: 2018/146-4
Saksbehandlar: tonhaug
Dykkar ref.:

Ang søknad om stønad til lokalt korprosjekt - Songkoret Albatross

Vi har motteke dykkar søknad om støtte Songkoret Albatross sitt filmprosjekt, «frå Broadway til Folket ved fjorden».

Hordaland fylkeskommune handsamar berre søknader innan definerte stønadsordningar, og det visast til våre nettsider hordland.no for informasjon om desse.

Vi minner om at fylkeskommunen sine tilskotsordningar skal gå til prosjekt som har regional verdi, dvs har interesse ut over det lokale. Sjå på retningslinene og vurderingskriteria for t.d. ordninga *Prosjekttilskot: kultur – amatør* og sjå om dette kan passe for dykkar prosjekt. Komande søknadsfrist for søknadsordninga er 1.mars.

De er velkomne til å sende ny nettbasert søknad om de skulle finne at dykkar prosjekt passer inn i forhold til retningslinene. Den allereie innsendte søknaden kan då førast på som vedlegg.

Oversikt over søknadsordningar innan kulturfeltet:

<http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst--og-kulturutvikling>

Tone Stedal Haugland
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.